



LIKESTILLING ER FORDELAKTIG FOR ALLE

Vedtatt av landsstyret i Grønn Ungdom, 30.juli – 31. juli 2016

Feminisme kan sjåast på som ein kombinasjon av jamstilling mellom kjønn og aksept av feminitet, og ikkje berre at kvinner "skal vere lik menn". Grøn Ungdom vil gå føre med ein politikk som forandrar måten ein tenkjer på jamstilling og kjønnsrollar på. Vi vil setje lys på maktfordelinga mellom kjønn og konsekvensane dei har for menn, samt synleggjere normene som formar denne fordelinga.

Den feministiske kampen har lenge fokusert på kvinner og delaktigheita deira i samfunnet. Vi veit mykje om lønsforskjellane, glastaket og at kvinner blir utsett for vald frå menn. Vi skal framleis synleggjere og kjempe mot all form for diskriminering som rammar kvinner. Grøn Ungdom skal sjølvstendig liggje i forkant i kampen for kvinners rettar i Noreg og internasjonalt. Å inkludere menn i jamstillingsarbeidet er ikkje å miste fokus på kvinnene - tvert i mot er det ein del av ein moderne feministisk politikk.

Den noverande maktfordelinga mellom kjønn har konsekvensar også for menn. Alle menn tener ikkje alltid på denne særstillinga. Menn som bryt med normer og forventningar om korleis mannen "skal" vera blir fort medviten om at det han gjer er feil og risikerer å bli straffa av omgjevingane.

Det er ikkje berre menn som bryt med normene som kan rammast negativt. Det er tydeleg vanlegare at menn både nyttar og blir utsett for vald. Menn er overrepresentert blant dei som blir dømt for overgrep, og då spesielt seksuelt overgrep. Samstundes er dei underrepresentert blant dei ofra for seksuelle overgrep som meld i frå om hendinga.

Gutar får i dag generelt lægre karakterar enn jenter og tek lægre utdanning. Mange mannsdominerte yrker er særleg utsatt for automatisering og digitalisering. Menn tek framleis berre ut under ein femtedel av foreldrepermisjonen og har ikkje eit like stort ansvar for heimen og borna deira. Det gjev tydelege konsekvensar for kvinners medverknad på arbeidsmarknaden. Dette resulterer også i at menn blir meir distansert til borna deira, noko som igjen fører til at mor gjerne får omsorgsretten til borna ved ei skilsmisse.

For oss er det sjølvstendig at det ikkje lenger rekk med kvinnekamp for å bryte maktfordelinga mellom kjønna. Jamstilling er ikkje berre eit kvinnespørsmål, ho påverkar og er viktig for alle, uansett kjønn. Difor vil vi synleggjere korleis normer om korleis ein mann "skal" vere og te seg

påverkar skulen og arbeidsmarknaden. Vi vonar at alle skal få ein djupare forståing for maktfordelinga mellom kjønn og bli inspirert til å forandre ho.

Grøn Ungdom krever:

- at det skal foreldrepermisjon skal verte tredelt
- aktive tiltak for at fleire menn skal velja kvinnedominerande utdanningar og yrke
- høgge lønar i kvinnedominerte yrke
- at det skal bli satsa på forskning som på sikt kan betre menns psykiske helse
- permanente ressursar til normkritisk jamstillingsarbeid i kommunane
- sikre utdanning for studie- og yrkerådgjeverar i å bryte kjønnsstereotypiske utdanningsval
- ha obligatorisk utdanning i normkritisk sex- og samlivsundervisning som ein del av lærarutdanninga
- ha obligatorisk og utvida normkritisk kjønns- og jamstillingsundervisning på lærarprogrammet
- ha kontinuerleg vidareutdanning av skulepersonell i jamstillingsarbeid grunna i pedagogikk retta mot sosialt kjønn at lærarar og elevar skal ha moglegheita til å utvikle ein kritisk måte å stelle seg til stereotypiske framstillingar av kjønn i læremidla